

**RAPPORT**

2021

ABORTREGISTERET

# Rapport om svangerskapsavbrot 2020

# Rapport om svangerskapsavbrot 2020

## Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret)

Mette Løkeland (redaktør)

Rupali Akerkar

Olaug Margrete Askeland

Linda Askvik Faugstad

Guri Sundgot Halvorsen

Rannveig Heiberg-Andersen

Mona Tornensis Hornæs

Petur Benedikt Juliusson

Øystein Aalstad Jonasson



Utgegeve av Folkehelseinstituttet  
Område for helsedata og digitalisering  
Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret)  
Mars 2021

**Tittel:**

Rapport om svangerskapsavbrot 2020

**Forfattarar:**

Mette Løkeland (redaktør)  
Rupali Akerkar  
Olaug Margrete Askeland  
Linda Askvik Faugstad  
Guri Sundgot Halvorsen  
Rannveig Heiberg-Andersen  
Mona Tornensis Hornæs  
Petur Benedikt Juliusson  
Øystein Aalstad Jonasson

**Publikasjonstype:** Rapport

**Bestilling:**

Rapporten kan lastast ned som pdf  
på Folkehelseinstituttet sin nettstad: [www.fhi.no](http://www.fhi.no)

Folkehelseinstituttet  
Postboks 4404 Nydalen  
NO-0403 Oslo  
Telefon: 21 07 70 00

**Grafisk designmal:**

Per Kristian Svendsen og Grete Sjøimer

**Opplag:** Berre elektronisk

ISSN 1891-6392

**Emneord (MeSH):** abort, abortregisteret, helseregister

**Sitering:** Løkeland M, Heiberg-Andersen R, Akerkar R, Jonasson ØA, Askeland OM, Hornæs M, Halvorsen GS, Faugstad LA, Juliusson PB. "Rapport om svangerskapsavbrot 2019" . [Report on termination of pregnancies for 2020] Rapport nr. [1]–2021,0. Bergen: Folkehelseinstituttet, 2021.

## Innhold

<b>1. Innleiing</b>	<b>5</b>
<b>2. Datagrunnlaget</b>	<b>6</b>
<b>3. Kvalitetssikring</b>	<b>7</b>
<b>4. Kommentar til statistikken for 2020</b>	<b>8</b>
<b>5. Figurar og tabellar</b>	<b>11</b>
Figur 1. Utførte svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner etter kvinna sin alder 2006-2020. Kjelde: Abortregisteret.	11
Figur 2. Fødselar per 1 000 kvinner for kvinner 15-49 år i perioden 2006-2020. Kjelde: Medisinsk fødselsregister.	11
Figur 3. Talet på utførte abortar per månad 2016-2020. Kjelde: Abortregisteret.	12
Tabell 1. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinna sin alder 1980-2020	12
Tabell 2. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinna sitt bustadsfylke eller storby 2016-2020	13
Tabell 3. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år etter kvinna sitt bustadsfylke og storby 2016-2020	14
Tabell 4. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 20-24 år etter kvinna sitt bustadsfylke og storby 2016-2020	15
Tabell 5. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og kvinna sin alder i 2020	16
Tabell 6. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde 2011-2020	16
Figur 4. Svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner for aldersgruppa 15-49, 15-19, 20-24 og 25-29 år etter kvinna sitt bustadsfylke i 2020. Kjelde: Abortregisteret.	17
Figur 5. Svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner i aldersgruppa 20-24 i dei store byane i 2020. Kjelde: Abortregisteret.	17
Figur 6. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode 1998-2020. Kjelde: Abortregisteret.	18
Tabell 7. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode og svangerskapslengde 2011-2020	19
Tabell 8. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot per institusjon etter metode og andel avbrot utført før 9. svangerskapsveke i 2020	20
Tabell 9. Utførte svangerskapsavbrot etter type avgjerd 1980-2020	21
Figur 7. Nemndbehandla begjæringar <sup>1</sup> og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot 2011-2020. Kjelde: Abortregisteret.	21
Figur 8. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i primærnemnd 2011-2020. Kjelde: Abortregisteret.	22
Figur 9. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i klagenemnd 2011-2020. Kjelde: Abortregisteret.	22
Tabell 10. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2011-2020	23
Figur 10. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2011-2020	23

Figur 11. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd bokstav c i 2019 og 2020. Kjelde: Abortregisteret.....	24
Tabell 11. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova i 2020.....	24
Tabell 12. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2020, vedtak i primærnemnd .....	25
Tabell 13. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2020 vedtak i klagenemnd.....	25
Tabell 14. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter kvinna sitt bustadsfylke i 2020 .....	26
Figur 12. Prosentvis nedgang i abort per helseregion frå 2019 til 2020. Kjelde: Abortregisteret. ....	26
Tabell 15. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter utførande helseinstitusjon i 2019 og 2020 .....	27
<b>APPENDIX A. Lover og forskrifter</b> .....	<b>28</b>
<b>APPENDIX B. Om statistikken</b> .....	<b>29</b>

## 1. Innleiing

Det føreligg statistikk over talet på begjæringar, tal på innvilga begjæringar i nemnd og tal på utførte svangerskapsavbrot i Noreg sidan 1979. Statistisk sentralbyrå hadde ansvaret for [abortstatistikken frå 1979 til og med 2005](#).

Frå og med 2006 har [Folkehelseinstituttet](#) vore ansvarleg for statistikken, og frå og med 2008 ansvarleg for databehandlinga av [Register over svangerskapsavbrudd](#) (Abortregisteret).

Innsamling, lagring, handsaming og utlevering av opplysningar i Abortregisteret er regulert i [abortregisterforskrifta](#) med heimel i [helseregisterlova](#) § 8 andre, fjerde og femte ledd, § 9 andre ledd, § 10, § 16 fjerde ledd, § 17 tredje ledd og § 34 fjerde ledd.

Denne rapporten viser endelege tal over begjæringar om og utførte svangerskapsavbrot i Noreg i 2020.

## 2. Datagrunnlaget

Folkehelseinstituttet mottar opplysningar som er bestemt i abortregisterforskrifta § 1-7. Opplysningane vert sendt i elektroniske meldingar frå alle meldepliktige helseinstitusjonar, det vil seia alle sjukehus som utfører svangerskapsavbrot.

Meldingane som gjeld sjølvbestemte svangerskapsavbrot (innan utgangen av 12. svangerskapsveke (11 veker og 6 dagar)), inneheld aidentifiserte personopplysningar, administrative opplysningar og medisinske opplysningar.

Meldingane som gjeld nemndbehandla svangerskapsavbrot (etter utgangen av 12. svangerskapsveke), er i utgangspunktet personidentifiserande og omfattar i tillegg til opplysningane skildra over, opplysningar om indikasjon for svangerskapsavbrotet og om vedtak gjort i nemnd.

Meldingane som gjeld nemndbehandla svangerskapsavbrot etter [abortlova](#) § 2, tredje ledd, bokstavane a, b, d, og e, eventuelt kombinasjonar av desse bokstavane, vert aidentifisert etter kvalitetssikringa, og etter det lagra aidentifisert.

Meldingane som gjeld nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, bokstav c vert registrert personidentifiserbart i [Medisinsk fødselsregister](#) med heimel i [Medisinsk fødselsregisterforskrifta](#) § 1-2, første ledd nr. 3. Spesifiserte opplysningar om patologiske tilstandar/medfødde misdanningar i desse tilfella inngår ikkje i abortstatistikken, men i [statistikken for Medisinsk fødselsregister](#).

### 3. Kvalitetssikring

Meldingane om begjæring om og utføring av svangerskapsavbrot vert registrert og lagra fortløpande i Abortregisteret ved Folkehelseinstituttet.

Kvalitetssikringsrutina omfattar kontroll av at meldingane inneheld alle opplysningar som er relevante og nødvendige for å oppnå føremålet med registeret, jf. abortregisterforskrifta § 1-7, andre ledd. Dersom nokre av dei obligatoriske opplysningane manglar, eller ved meldefeil, tar ein kontakt med dei einskilde helseinstitusjonane for å komplettere og/eller korrigere meldingane.

Som ledd i kvalitetssikringa av Abortregisteret, og for å gjera abortstatistikken meir tilgjengeleg, har Folkehelseinstituttet i løpet av 2013-2017 gjennomgått dei ulike historiske datasetta og samla alle data frå 1979 til i dag i ein database. I 2017 har ein i tillegg fått ny elektronisk løysing som har gjeve forbetring av kvaliteten på data i registeret. Det har medført små justeringar i tidlegare publiserte tal. Etter endt publisering av data kan det førekoma endringar i data grunna etterrapportering av abortar og kvalitetssikring.



## 4. Kommentar til statistikken for 2020

I 2020 vart det sendt inn 12 150 begjæringar om svangerskapsavbrot og utført 11 081 svangerskapsavbrot i Noreg. Dette er 654 (5,6 %) færre utførte svangerskapsavbrot enn i 2019 (Tabell 1). Ein såg ein tilsvarande nedgang frå 2018 til 2019.

Avbrotsraten har ein nedgang frå 9,7 i 2019 til 9,2 per 1 000 kvinner i fertil alder (15-49 år) i 2020 og er såleis ein vidare nedgang i abortraten for alle kvinner i fertil alder (15-49 år). Troms og Finnmark, Oslo og Innlandet er dei fylka med flest svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner; 11,6 i Troms og Finnmark, 11,1 i Oslo og 10,0 i Innlandet. Innlandet er det einaste fylket som har hatt ein auke i abortraten sin frå 9,0 til 10,0 per 1000 kvinner i alderen 15-49 år frå 2019 til 2020. Dersom ein ser på avbrotsratene i dei store universitetsbyane så har Tromsø den høgste avbrotsraten på 11,2 per 1000 kvinner. Møre og Romsdal, Rogaland og Agder hadde dei lågaste ratene for svangerskapsavbrot; med 7,0 per 1 000 kvinner i Møre og Romsdal, 7,1 i Rogaland og 7,8 i Agder (Tabell 2). Det er per i dag tre av 11 fylke som har ein avbrotsrate på 10 eller meir per 1000 kvinner (15-49 år).

Sidan 2009 har det samtidig vore ein nedgang i talet på fødselar per 1000 kvinner i fertil alder (15-49 år) (Figur 2).

### Covid-19

Dei ni siste månadene av 2020 var råka av pandemien med Covid-19. I fleire land ha ein vore bekymra for korleis ein skulle sikre tilgang til abort. Vi har ikkje grunnlag for å seia at tilgangen til abort i Noreg har vore endra under pandemien. Eit anna spørsmål har vore korleis pandemien har påverka det fertile livet og vala våre. Difor har vi valgt å sjå på dei ni siste månadene spesifikt. Fleirtalet av abortane som var utført i mars og april var graviditetar som oppsto forut for tiltaka som vart iverksatt 13. mars. Vi ser då at det var ein tydeleg nedgang i talet på utførte abortar frå mai til november i forhold til tidlegar år (Figur 3). Vi har ikkje funne noko tydeleg trend i forhold til aldersgrupper. Den nedgangen ein ser knytt til ulike aldersgrupper følger den trenden ein har sett sidan 2007 (Figur 1).

### Talet på svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år<sup>1</sup> går ytterlegare ned

Nedgangen i svangerskapsavbrot ein har sett blant dei yngste kvinnene sidan 2008 heldt fram frå 2019 til 2020; med eit fall i abortraten frå 4,9 til 4,4 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner i alderen 15-19 år. I 1980 var talet 22,5 per 1 000 kvinner i alderen 15-19 år og den gongen var det denne aldersgruppa som hadde den høgste abortraten av alle (Tabell 1).

Troms og Finnmark hadde høgast førekomst av svangerskapsavbrot blant kvinner i aldersgruppa 15-19 år, med 6,3 per 1 000 kvinner, etterfølgt av Oslo og Innlandet med 6,2 og 4,8 per 1 000 kvinner. Lågaste førekomst av svangerskapsavbrot finn ein i Vestland med 3,3 per 1 000 kvinner i alderen 15-19 år. (Tabell 3). Bergen hadde den største nedgangen frå ein rate på 6,2 til 3,9 og Trondheim frå 6,4 til 4,2 per 1000 kvinner frå 2019 til 2020 .

<sup>1</sup> Disse tala inkluderer tal for aldersgruppa under 15 år. I 2020 vart det utført 12 svangerskapsavbrot i aldersgruppa under 15 år.

## Avbrottsraten er høgast i aldersgruppa 25-29 år

Aldersgruppa 20-24 år (Figur 1) har lenge hatt den høgaste førekomsten av svangerskapsavbrot, men den har vore fallande dei siste åra, og har no vorte lågare enn avbrottsraten i aldersgruppa 25-29 år og 30-34 år. I 2015 var raten 21,1 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner både i alderen 20-24 og 25-29 år mot 13,6 og 15,3 i 2020. Dersom trenden held fram kan det sjå ut til at aldersgruppa 30-34 snart vil ha den høgste abortraten (Tabell 1). Abortraten i alderen 30-34 år er 14,5 per 1000 kvinner.

Troms og Finnmark hadde høgast avbrottsrate med 18,1 per 1 000 kvinner, medan Møre og Romsdal hadde lågast førekomst med 9,8 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner i alderen 20-24 år. Alle har no ein rate under 20 per 1 000 kvinner i aldersgruppa 20-24 år. Universitetsbyane Trondheim og Tromsø har lågare avbrottsrater i alderen 20-24 år enn den omliggande regionens sin med 8,8 i Trondheim mot 10,7 for Trøndelag og 13,8 i Tromsø mot 18,1 i Troms og Finnmark.

## Framleis auke i bruk av medikamentell behandling som avbrottsmetode

Medikamentell behandling ved svangerskapsavbrot vart gjort tilgjengeleg i Noreg i 1998 og har vore den mest brukte avbrottsmetoden sidan 2008 (Figur 6). I 2020 vart 94,0 % av dei sjølvbestemte avbrota gjennomført medikamentelt, medan andelen var 45,3 % i 2007 (Figur 6). Sykehuset Namsos (79,1 %) har lågast bruk av medikamentell avbrottsmetode, medan Helgelandssykehuset Sandnessjøen (0 %) har lågast bruk av kirurgisk metode (Tabell 8). Skilnad i prosentdelen medikamentell abort kan skuldast at ikkje alle sjukehus har tilbod om medikamentell abort i 9.-12. svangerskapsveke.

## Sjølvbestemte og nemndbehandla svangerskapsavbrot

Dei fleste sjølvbestemte avbrot vart utført før 9. svangerskapsveke (84,6 %) (Tabell 8). Av alle utførte svangerskapsavbrot i 2020 var 10 573 (95,4 %) sjølvbestemte, og 508 (4,6 %) nemndbehandla (Tabell 9). Dei sjukehusa med lågast førekomst av svangerskapsavbrot før 9. veke er Odde sjukehus (70,0 %), Ålesund sjukehus (74,2 %) og Haukeland sjukehus (76,2 %) (Tabell 8). Dette er under landsgjennomsnittet for svangerskapsavbrot utført før 9. veke på 84,6 % (Tabell 8).

## Særskilt om nemndbehandla svangerskapsavbrot

Ei begjæring om svangerskapsavbrot etter utgangen av 12. svangerskapsveke vart handsama i nemnd; fyrst i ei primærnemnd, og dersom den gir avslag, skal primærnemnda straks sende vedtaket og dokumenta i saka til ei sentral klagenemnd, jf. abortlova § 8 andre ledd. Frå 15. februar 2010 har klagesakene vorte sendt til Den sentrale klagenemnda som vart administrert av Helsedirektoratet og er lagt til Oslo universitetssykehus. I august 2017 ba Regjeringa helseforetaka om å redusere talet på abortnemnder. Målet til Regjeringa er å redusere frå 35 til under 17 nemnder. I 2020 har det vore primærnemnd ved 25 sjukehus. Dei ulike helseforetaka har stor variasjon i talet på nemnder. Helse Sør-Aust har 13, Helse Nord seks, Helse Midt fire og Helse Vest to nemnder.

Det vart utført 508 nemndbehandla svangerskapsavbrot i 2020, som er 12 (2,3 %) ferre enn i 2019. Av dei utførte nemndbehandla avbrota i 2020 vart 498 (98,0 %) innvilga i primærnemnd og 10 (2,0 %) i Den sentrale klagenemnda (Tabell 9).


Det var 394 begjæringar om avbrot innan utgangen av veke 18. Av dei var 377 handsama i nemnd og 368 vart innvilga i primærnemnd, ni fekk avslag og 355 vart utført. Av dei ni som fekk avslag i primærnemnd møtte åtte i klagenemnd. Seks vart innvilga, to fekk avslag og 5 utførte abort.

Vi ser ein nedgang i talet på avbrot innvilga etter § 2 tredje ledd bokstav a og b som omhandlar kvinna si helse og livssituasjon. Dette følger nedgangen i abortraten generelt. Talet på avbrot innvilga etter abortlova § 2 tredje ledd bokstav c, dvs. grunna stor fare for at barnet kan få ein alvorleg sjukdom som følge av arvelege anlegg, sjukdom eller skadelege påverknader under svangerskapet varierer litt meir år for år, men ligg ganske stabilt (Figur 10). Dei fleste av dei nemndbehandla avbrota vert utført før 18. svangerskapsveke (Figur 11).


Av dei 508 nemndbehandla avbrota vart 320(63.0 %) handsama og utført ved dei 5 største helseinstitusjonane (Tabell 15).

Alle fosterantalsredaksjonar skal etter lov frå 2019 innvilgast i nemnd. Behandlinga av desse er sentralisert til Senter for fostermedisin på St Olavs hospital i Trondheim. I 2020 var det utført 16 fosterantalsreduksjonar.


## 5. Figurar og tabellar



Figur 1. Utførte svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner etter kvinne sin alder 2006-2020.  
Kjelde: Abortregisteret.



Figur 2. Fødsler per 1 000 kvinner for kvinner 15-49 år i perioden 2006-2020.  
Kjelde: Medisinsk fødselsregister.



Figur 3. Talet på utførte abortar per måned 2016-2020.

Kjelde: Abortregisteret.

Tabell 1. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinne sin alder 1980-2020<sup>2</sup>

År	Total mengd	Per 1 000 kvinner, etter alder							
		15-49 år	15-19 år	20-24 år	25-29 år	30-34 år	35-39 år	40-44 år	45-49 år
1980	13 532	14,6	22,5	22,1	16,3	13,7	11,4	6,8	0,8
1985	14 598	14,7	21,7	26,1	18,1	13,8	10,3	4,6	0,8
1990	15 552	14,7	20,1	28,6	21,8	14,3	10,0	3,6	0,5
1995	13 874	12,9	15,3	24,0	20,3	15,2	9,8	4,3	0,5
2000	14 675	13,7	20,1	28,0	20,1	15,3	10,8	3,7	0,3
2005	13 991	12,9	15,4	27,4	20,5	15,1	11,0	4,0	0,3
2010	15 741	13,8	14,1	29,2	23,1	16,9	11,7	4,4	0,4
2015	14 033	11,7	8,3	21,1	21,1	16,5	11,3	4,3	0,5
2016	13 193	11,0	7,6	19,0	19,3	16,1	10,8	4,1	0,4
2017	12 751	10,6	6,3	18,0	19,1	15,6	11,0	4,0	0,3
2018	12 391	10,3	5,5	16,9	17,6	16,1	11,2	4,3	0,3
2019	11 735	9,7	4,9	14,9	17,3	15,0	11,1	4,1	0,4
2020	11 081	9,2	4,4	13,6	15,3	14,5	11,1	4,4	0,4

<sup>2</sup> Tala avvik noko frå tidlegare publiseringar grunna kontinuerleg arbeid med datakvaliteten og samling av data i ein ny database. Dette arbeidet er utført i løpet av perioden 2013-2020.

Tabell 2. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinne sitt bustadsfylke eller storby 2016-2020

Fylke	2016		2017		2018		2019		2020	
	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000
Heile landet	13 193	11,0	12 751	10,6	12 391	10,3	11 735	9,7	11 081	9,2
Viken	2 859	10,7	2 889	10,8	2 723	10,1	2 624	9,7	2 500	9,2
Oslo	2 630	14,5	2 472	13,5	2 334	12,6	2 210	11,8	2 114	11,1
<b>Oslo</b>	2 630	14,5	2 472	13,5	2 334	12,6	2 210	11,8	2 114	11,1
Innlandet	762	9,9	777	10,2	731	9,6	678	9,0	746	10,0
Vestfold og Telemark	916	10,2	929	10,4	846	9,5	811	9,2	770	8,8
Agder	571	8,5	558	8,2	607	8,9	542	8,0	529	7,8
Rogaland	990	8,9	891	8,1	944	8,6	882	8,0	782	7,1
<b>Stavanger</b>	398	11,5	317	9,3	324	9,5	317	9,2	310	9,0
Vestland	1 420	9,9	1 241	8,6	1 266	8,8	1 235	8,6	1 130	7,9
<b>Bergen</b>	745	10,9	671	9,8	661	9,7	669	9,7	607	8,8
Møre og Romsdal	489	8,7	447	8,0	460	8,2	419	7,6	384	7,0
Trøndelag	1 080	10,4	1 053	10,1	1 031	9,9	972	9,3	836	8,0
<b>Trondheim</b>	521	10,8	518	10,6	514	10,4	462	9,2	410	8,1
Nordland	638	12,5	601	11,8	545	10,8	509	10,2	437	8,9
Troms og Finnmark	696	12,8	734	13,5	740	13,7	716	13,4	613	11,6
<b>Tromsø</b>	241	13,0	247	13,2	270	14,2	261	13,7	213	11,2
Ukjend/Anna <sup>1</sup>	142		159		164		137		240	

<sup>1</sup> Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.

Tabell 3. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år etter kvinne sitt bustadsfylke og storby 2016-2020

Fylke	2016		2017		2018		2019		2020	
	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000
Heile landet	1 199	7,6	992	6,3	860	5,5	759	4,9	685	4,4
Viken	260	7,1	223	6,1	179	4,8	184	4,9	165	4,4
Oslo	156	10,4	122	8,1	115	7,5	85	5,5	98	6,2
<b>Oslo</b>	156	10,4	122	8,1	115	7,5	85	5,5	98	6,2
Innlandet	91	8,2	75	6,8	48	4,4	49	4,5	51	4,8
Vestfold og Telemark	96	7,5	67	5,3	61	4,9	61	5,0	44	3,6
Agder	55	5,6	54	5,6	57	5,9	37	3,9	37	3,9
Rogaland	85	5,6	80	5,3	58	3,9	62	4,2	67	4,6
<b>Stavanger</b>	38	9,1	27	6,5	17	4,1	18	4,4	25	6,0
Vestland	121	6,2	94	4,8	104	5,4	81	4,2	64	3,3
<b>Bergen</b>	53	6,7	51	6,5	48	6,2	48	6,2	30	3,9
Møre og Romsdal	54	6,4	39	4,7	34	4,2	25	3,1	32	4,0
Trøndelag	105	7,5	96	7,0	91	6,7	76	5,6	52	3,9
<b>Trondheim</b>	49	9,0	38	7,0	31	5,8	34	6,4	23	4,2
Nordland	81	10,6	54	7,3	42	5,8	39	5,5	24	3,5
Troms og Finnmark	89	12,0	76	10,4	67	9,3	59	8,3	43	6,3
<b>Tromsø</b>	25	11,8	26	12,2	20	9,3	13	6,1	11	5,2
Ukjend/Anna <sup>1</sup>	6		12		4		1		8	

<sup>1</sup> Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.

Tabell 4. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 20-24 år etter kvinne sitt bustadsfylke og storby 2016-2020

Fylke	2016		2017		2018		2019		2020	
	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000
Heile landet	3 150	19,0	2 981	18,0	2 790	16,9	2 447	14,9	2 233	13,6
Viken	610	18,5	621	18,9	541	16,5	499	15,2	477	14,5
Oslo	618	25,4	583	23,9	479	19,7	437	17,8	394	15,9
<b>Oslo</b>	618	25,4	583	23,9	479	19,7	437	17,8	394	15,9
Innlandet	178	16,3	206	18,8	172	15,9	150	14,0	161	15,2
Vestfold og Telemark	204	17,1	212	17,9	213	18,2	177	15,3	144	12,7
Agder	150	15,4	112	11,3	145	14,3	111	11,0	124	12,3
Rogaland	255	17,0	186	12,6	205	14	173	11,8	145	10,0
<b>Stavanger</b>	109	23,1	69	14,7	92	19,3	66	13,5	60	12,5
Vestland	369	17,3	327	15,4	316	14,9	269	12,7	244	11,5
<b>Bergen</b>	212	19,3	168	15,3	164	14,9	156	14,0	149	13,2
Møre og Romsdal	126	16,0	118	15,1	109	14,2	97	12,7	75	9,8
Trøndelag	250	15,4	226	13,9	229	14,2	205	12,8	172	10,7
<b>Trondheim</b>	120	14,5	112	13,4	118	14,0	97	11,5	75	8,8
Nordland	168	22,3	161	21,4	148	19,9	129	17,8	106	15,0
Troms og Finnmark	182	22,5	193	23,8	192	23,8	172	21,6	142	18,1
<b>Tromsø</b>	71	25,2	66	23,0	75	25,7	68	23,1	40	13,8
Ukjend/Anna <sup>1</sup>	40		36		41		28		49	

<sup>1</sup>Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.



Tabell 5. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og kvinne sin alder i 2020


Alder	Total mengd	Svangerskapslengde							
		Veke 0-6	Veke 7-8	Veke 9-10	Veke 11-12	Veke 13-18	Veke 19-21	Veke 22+	Ikkje oppgitt
Alle aldrar	11 081	4 925	4 025	1 156	469	360	142	4	0
15-19 år <sup>1</sup>	685	287	250	91	33	20	4	0	0
20-24 år	2 233	980	841	256	99	41	16	0	0
25-29 år	2 745	1 257	1 007	261	106	69	45	0	0
30-34 år	2 675	1 219	953	243	125	95	38	2	0
35-39 år	1 929	824	704	218	65	89	28	1	0
40-44 år	739	323	246	77	37	45	10	1	0
45-49 år <sup>2</sup>	75	35	24	10	4	1	1	0	0

<sup>1</sup> Inkluderer tal for kvinner under 15 år (12 avbrot blant dei under 15 år).


<sup>2</sup> Inkluderer tal for kvinner over 49 år (3 avbrot blant dei over 49 år).

Tabell 6. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde 2011-2020


År	Total mengd	Svangerskapslengde							
		Veke 0-6	Veke 7-8	Veke 9-10	Veke 11-12	Veke 13-18	Veke 19-21	Veke 22+	Ikkje oppgitt
2011	15 366	5 016	6 406	2 428	885	487	120	17	7
2012	15 229	4 943	6 328	2 414	890	500	141	8	5
2013	14 778	4 814	6 174	2 324	825	479	151	5	6
2014	14 067	4 659	5 983	2 161	719	412	121	11	1
2015	14 033	5 208	5 586	1 982	671	464	115	6	1
2016	13 193	4 871	5 298	1 802	645	439	122	5	11
2017	12 751	4 895	5 014	1 656	639	396	142	9	0
2018	12 391	4 984	4 779	1 456	603	391	169	9	0
2019	11 735	4 810	4 503	1 338	570	373	131	9	1
2020	11 081	4 925	4 025	1 156	469	360	142	4	0



Figur 4. Svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner for aldersgruppa 15-49, 15-19, 20-24 og 25-29 år etter kvinna sitt bustadsfylke i 2020. Kjelde: Abortregisteret.



Figur 5. Svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner i aldersgruppa 20-24 i dei store byane i 2020. Kjelde: Abortregisteret.



Figur 6. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode 1998-2020. Kjelde: Abortregisteret.

Tabell 7. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode og svangerskapslengde 2011-2020

År	Total mengd	Svangerskapslengde																				Ikkje oppgitt
		9 veker og under				10 veker				11 veker				12 veker				Over 12 veker <sup>1</sup>				
		Medikamentell		Kirurgisk		Medikamentell		Kirurgisk		Medikamentell		Kirurgisk		Medikamentell		Kirurgisk		Medikamentell		Kirurgisk		
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	
2011	14 725	10 611	72,1	2 397	16,3	401	2,7	441	3	271	2,7	264	1,8	178	1,2	155	1,1	0	0,0	0	0,0	7
2012	14 573	10 757	73,8	2 126	14,6	451	3,1	351	2,4	322	3,1	256	1,8	195	1,3	110	0,8	0	0,0	0	0,0	5
2013	14 142	10 703	75,7	1 850	13,1	425	3,0	334	2,4	293	3,0	251	1,8	186	1,3	94	0,7	0	0,0	0	0,0	6
2014	13 520	10 586	78,3	1 565	11,6	390	2,9	262	1,9	279	2,9	194	1,4	148	1,1	95	0,7	0	0,0	0	0,0	1
2015	13 444	10 760	80,0	1 352	10,1	417	3,1	247	1,8	286	3,1	165	1,2	149	1,1	67	0,5	0	0,0	0	0,0	1
2016	12 621	10 224	81,0	1 172	9,3	375	3,0	200	1,6	281	3,0	141	1,1	147	1,2	70	0,6	0	0,0	0	0,0	11
2017	12 197	10 023	82,2	1 037	8,5	316	2,6	187	1,5	291	2,6	116	1,0	168	1,4	54	0,4	4	0,0	1	0,0	0
2018	11 822	9 969	84,3	764	6,5	346	2,9	140	1,2	303	2,9	105	0,9	138	1,2	55	0,5	2	0,0	0	0,0	0
2019	11 215	9 594	85,5	593	5,3	336	3,0	127	1,1	297	3,0	87	0,8	136	1,2	42	0,4	2	0,0	0	0,0	1
2020	10 573	9 283	87,8	459	4,3	279	2,6	83	0,8	248	2,6	63	0,6	129	1,2	28	0,3	1	0,0	0	0,0	0


<sup>1</sup> I grensetilfelle vil sjukehuset kategorisere ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 8. Utførte selvbestemte svangerskapsavbrot per institusjon etter metode og andel avbrot utført før 9. svangerskapsveke i 2020

Helseinstitusjon	Total mengd	Medikamentell		Kirurgisk		8 uker og under	
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
Alle institusjonar	10 573	9 940	94,0	633	6,0	8 950	84,6
Akershus Universitetssykehus	1 108	1 047	94,5	61	5,5	983	88,7
Bærum sykehus	350	324	92,6	26	7,4	308	88,0
Drammen sykehus	356	343	96,3	13	3,7	313	87,9
Finnmarkssykehuset, Klinikk Hammerfest	141	131	92,9	10	7,1	122	86,5
Finnmarksykehuset, Klinikk Kirkenes	61	51	83,6	10	16,4	47	77,0
Førde sentralsjukehus	114	109	95,6	5	4,4	98	86,0
Haugesund sjukehus	188	180	95,7	8	4,3	149	79,3
Haukeland universitetssjukehus	841	824	98,0	17	2,0	641	76,2
Helgelandssykehuset Mo i Rana	67	64	95,5	3	4,5	56	83,6
Helgelandssykehuset Sandnessjøen	61	61	100	0	0,0	50	82,0
Kongsberg sykehus	98	91	92,9	7	7,1	87	88,8
Kristiansund sykehus	70	67	95,7	3	4,3	60	85,7
Longyearbyen sykehus	8	8	100	0	0,0	8	100
Molde sjukehus	84	82	97,6	2	2,4	73	86,9
Nordlandssykehuset Bodø	116	113	97,4	3	2,6	97	83,6
Nordlandssykehuset Lofoten	48	47	97,9	1	2,1	42	87,5
Nordlandssykehuset Vesterålen	69	62	89,9	7	10,1	63	91,3
Odda sjukehus	10	10	100	0	0,0	7	70,0
Oslo universitetssykehus	1 800	1 584	88,0	216	12,0	1 593	88,5
Ringerike sykehus	144	141	97,9	3	2,1	117	81,3
St. Olavs hospital	663	648	97,7	15	2,3	552	83,3
Stavanger universitetssjukehus	610	597	97,9	13	2,1	496	81,3
Stord sjukehus	72	69	95,8	3	4,2	64	88,9
Sykehuset i Vestfold Tønsberg	422	386	91,5	36	8,5	350	82,9
Sykehuset Innlandet Elverum	247	233	94,3	14	5,7	215	87,0
Sykehuset Innlandet Gjøvik	198	191	96,5	7	3,5	174	87,9
Sykehuset Innlandet Kongsvinger	90	86	95,6	4	4,4	75	83,3
Sykehuset Innlandet Lillehammer	200	196	98,0	4	2,0	161	80,5
Sykehuset Levanger	141	126	89,4	15	10,6	113	80,1
Sykehuset Namsos	67	53	79,1	14	20,9	52	77,6
Sykehuset Telemark	273	247	90,5	26	9,5	224	82,1
Sykehuset Østfold	620	587	94,7	33	5,3	522	84,2
Sørlandet sykehus Arendal	159	151	95,0	8	5,0	136	85,5
Sørlandet sykehus Kristiansand	333	319	95,8	14	4,2	287	86,2
Univ. sykehuset Nord-Norge	287	281	97,9	6	2,1	242	84,3
Univ. sykehuset Nord-Norge Harstad	93	90	96,8	3	3,2	77	82,8
Univ. sykehuset Nord-Norge Narvik	56	53	94,6	3	5,4	47	83,9
Volda sjukehus	65	61	93,8	4	6,2	56	86,2
Voss sjukehus	84	71	84,5	13	15,5	75	89,3
Ålesund sjukehus	159	156	98,1	3	1,9	118	74,2


Tabell 9. Utførte svangerskapsavbrot etter type avgjerd 1980-2020

År	Total mengd	Sjølvestemt		Innvilga i primærnemnd		Innvilga i klagenemnda	
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
1980	13 532	13 121	97,0	380	2,8	31	0,2
1985	14 598	14 242	97,6	347	2,4	9	0,1
1990	15 552	15 219	97,9	320	2,1	13	0,1
1995	13 874	13 530	97,5	343	2,5	1	0,0
2000	14 675	14 153	96,4	509	3,5	13	0,1
2005	13 991	13 410	95,8	574	4,1	8	0,1
2010	15 741	15 069	95,7	652	4,1	20	0,1
2015	14 033	13 444	95,8	577	4,1	12	0,1
2016	13 193	12 621	95,7	553	4,2	19	0,1
2017	12 751	12 197	95,7	536	4,2	18	0,1
2018	12 391	11 822	95,4	555	4,5	14	0,1
2019	11 735	11 215	95,6	512	4,4	8	0,1
2020	11 081	10 573	95,4	498	4,5	10	0,1




<sup>1</sup> Nemndbehandla begjæringer som går til klagenemnd vert telt berre ein gong.

Figur 7. Nemndbehandla begjæringer<sup>1</sup> og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot 2011-2020. Kjelde: Abortregisteret.



Årsaker til «Manglar» kan til dømes vera at kvinna har trekt begjæringa eller ikkje møtt i nemnd.

**Figur 8. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i primærnemnd 2011-2020.**  
Kjelde: Abortregisteret.



Årsaker til «Manglar» kan til dømes vera at kvinna har trekt begjæringa eller ikkje møtt i nemnd.


**Figur 9. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i klagenemnd 2011-2020.**  
Kjelde: Abortregisteret.

Tabell 10. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2011-2020

År	Total mengd	Indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd, mengd <sup>2</sup>							
		§ 2.3a	§ 2.3b	§ 2.3c	§§ 2.3a og 2.3b	§§ 2.3a og 2.3c	§§ 2.3b og 2.3c	Anna <sup>1</sup>	Ikkje oppgitt
2011	641	38	292	248	34	9	5	15	0
2012	656	36	276	278	36	9	7	14	4
2013	636	40	256	295	23	7	5	9	2
2014	547	36	202	250	41	4	7	7	0
2015	589	47	238	250	24	2	11	17	3
2016	572	30	240	262	27	2	6	4	3
2017	554	19	197	295	27	4	4	8	0
2018	569	27	174	324	25	7	3	9	0
2019	520	26	161	295	22	8	1	7	1
2020	508	19	136	301	31	8	7	6	0


<sup>H1</sup> Indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd bokstav d og bokstav e, og andre kombinasjonar av bokstavane som ikkje er vist i tabellen.

<sup>2</sup> Indikasjonane i abortlova § 2, tredje ledd.



Figur 10. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2011-2020.





Figur 11. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd bokstav c i 2019 og 2020. Kjelde: Abortregisteret.

Tabell 11. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova i 2020

Svangerskaps- lengde	Total mengd	§ 2.3c		Andre enn § 2.3c		Ikkje oppgitt	
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
Alle veker	508	318	100,0	190	100,0	0	
Veke 12 <sup>1</sup>	1	1	0,3	0	0,0	0	
Veke 13	113	63	19,8	50	26,3	0	
Veke 14	84	47	14,8	37	19,5	0	
Veke 15	49	24	7,5	25	13,2	0	
Veke 16	38	19	6,0	19	10,0	0	
Veke 17	29	16	5,0	13	6,8	0	
Veke 18	46	28	8,8	18	9,5	0	
Veke 19	59	45	14,2	14	7,4	0	
Veke 20	50	42	13,2	8	4,2	0	
Veke 21	33	29	9,1	4	2,1	0	
Veke 22 og over	4	4	1,3	0	0,0	0	
Anna/Ukjend	2	0	0,0	2	1,1	0	

<sup>1</sup> I grensetilfelle vil sjukehuset nemndbehandle ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

**Tabell 12. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2020, vedtak i primærnemnd**

Svangerskaps- lengde	Nemnd- behandla begjæringar	Vedtak i primærnemnd				Utførte nemnd- behandla svangerskaps- avbrot
		Innvilga	Avslått	Manglar	Ikkje oppgitt	
Alle veker	578	514	40	24	0	498
Veke 12 <sup>1</sup>	4	4	0	0	0	1
Veke 13	118	115	0	3	0	113
Veke 14	90	86	0	4	0	84
Veke 15	56	50	1	5	0	49
Veke 16	43	40	1	2	0	38
Veke 17	36	32	2	2	0	29
Veke 18	47	41	5	1	0	41
Veke 19	65	59	5	1	0	58
Veke 20	54	49	5	0	0	49
Veke 21	36	33	2	1	0	33
Veke 22 og over	25	3	18	4	0	2
Anna/Ukjend	4	2	1	1	0	1

<sup>1</sup> I grensetilfelle vil sjukehuset nemndbehandle ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

**Tabell 13. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2020 vedtak i klagenemnd**

Svangerskaps- lengde	Nemnd- behandla begjæringar	Vedtak i klagenemnd				Utførte nemnd- behandla svangerskaps- avbrot
		Innvilga	Avslått	Manglar	Ikkje oppgitt	
Alle veker	35	12	17	6	0	10
Veke 12 <sup>1</sup>	0	0	0	0	0	0
Veke 13	0	0	0	0	0	0
Veke 14	0	0	0	0	0	0
Veke 15	1	0	1	0	0	0
Veke 16	0	0	0	0	0	0
Veke 17	2	1	1	0	0	0
Veke 18	5	5	0	0	0	5
Veke 19	3	1	1	1	0	1
Veke 20	4	1	3	0	0	1
Veke 21	2	0	1	1	0	0
Veke 22 og over	17	3	10	4	0	2
Annet/Ukjent	1	1	0	0	0	1


<sup>1</sup> I grensetilfelle vil sjukehuset nemndbehandle ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 14. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter kvinne sitt bustadsfylke i 2020

Fylke	Begjæringar		Utførte	
	Mengd <sup>1</sup>	Prosent	Mengd	Prosent
Heile landet	578	100,0	508	100,0
Viken	118	20,4	110	21,7
Oslo	131	22,7	117	23,0
<b>Oslo</b>	131	22,7	117	23,0
Innlandet	33	5,7	31	6,1
Vestfold og Telemark	41	7,1	36	7,1
Agder	32	5,5	28	5,5
Rogaland	39	6,7	33	6,5
<b>Stavanger</b>	15	2,6	13	2,6
Vestland	64	11,1	51	10,0
<b>Bergen</b>	39	6,7	31	6,1
Møre og Romsdal	22	3,8	19	3,7
Trøndelag	55	9,5	43	8,5
<b>Trondheim</b>	29	5,0	23	4,5
Nordland	17	2,9	16	3,1
Troms og Finnmark	17	2,9	16	3,1
<b>Tromsø</b>	13	2,2	12	2,4
Ukjend/Anna <sup>1</sup>	9	1,6	8	1,6

<sup>1</sup> Nemndbehandla begjæringar som går til klagenemnd vert telt berre ein gong.

<sup>2</sup> Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.



Figur 12. Prosentvis nedgang i abort per helseregion frå 2019 til 2020. Kjelde: Abortregisteret.

Tabell 15. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter utførande helseinstitusjon i 2019 og 2020

Helseinstitusjon	2019				2020			
	Begjæringar		Utførte		Begjæringar		Utførte	
	Mengd <sup>1</sup>	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
Heile landet	622	100,0	520	100,0	578	100,0	508	100,0
Akershus univ.sykehus	53	8,5	41	7,9	69	11,9	65	12,8
Bærum sykehus	16	2,6	13	2,5	22	3,8	19	3,7
Drammen sykehus og Kongeberg sykehus	17	2,7	14	2,7	20	3,5	19	3,7
Finnmarkssykehuset	5	0,8	5	1,0	1	0,2	1	0,2
Haugesund sjukehus og Stavanger universitetssjukehus	52	8,4	45	8,7	43	7,4	36	7,1
Haukeland universitetssjukehus, Voss og Førde	71	11,4	50	9,6	64	11,1	51	10,0
Helgelandssykehuset	1	0,2	1	0,2	2	0,3	1	0,2
Helse Møre og Romsdal, Molde og Kristiansund	6	1,0	6	1,2	6	1,0	6	1,2
Helse Møre og Romsdal, Volda og Ålesund	6	1,0	4	0,8	8	1,4	6	1,2
Helse Nord-Trøndelag	6	1,0	4	0,8	6	1,0	4	0,8
Nordlandssykehuset	10	1,6	10	1,9	8	1,4	8	1,6
Oslo univ. sykehus	147	23,6	134	25,8	124	21,5	110	21,7
Ringerike sykehus	7	1,1	6	1,2	5	0,9	5	1,0
St. Olavs hospital	67	10,8	60	11,5	69	11,9	58	11,4
Sykehuset i Vestfold Tønsberg	24	3,9	15	2,9	16	2,8	12	2,4
Sykehuset Innlandet Elverum	14	2,3	12	2,3	10	1,7	8	1,6
Sykehuset Innlandet Gjøvik	8	1,3	8	1,5	9	1,6	9	1,8
Sykehuset Innlandet Kongsvinger	5	0,8	3	0,6	1	0,2	1	0,2
Sykehuset Innlandet Lillehammer	8	1,3	7	1,3	7	1,2	7	1,4
Sykehuset Telemark	16	2,6	13	2,5	20	3,5	19	3,7
Sykehuset Østfold	25	4,0	23	4,4	18	3,1	17	3,3
Sørlandet sykehus, Arendal	8	1,3	7	1,3	6	1,0	6	1,2
Sørlandet sykehus, Kristiansand	25	4,0	21	4,0	24	4,2	21	4,1
Univ. sykehuset Nord-Norge	25	4,0	18	3,5	20	3,5	19	3,7
<sup>1</sup> Nemndbehandla begjæringar som går til klagenemnd vert telt berre ein gong. Sentral klagenemnd er lagt til Oslo universitetssykehus Ullevål								

## APPENDIX A. Lover og forskrifter

Lov 1975-06-13 nr 50: Lov om svangerskapsavbrot ([abortlova](#))

FOR-2001-06-15-635: Forskrift om svangerskapsavbrot ([abortforskrifta](#)) med merknader

FOR-2007-12-14-1418: Forskrift om innsamling og handsaming av helseopplysningar i register over svangerskapsavbrot ([abortregisterforskrifta](#))

LOV 2014-06-20 nr 43: Lov om helseregister og behandling av helseopplysningar ([helseregisterlova](#))<sup>3</sup>

FOR-2001-12-21-1483: Forskrift om innsamling og handsaming av helseopplysningar i Medisinsk fødselsregister ([Medisinsk fødselsregisterforskrifta](#))

---

## APPENDIX B. Om statistikken

Folkehelseinstituttet sin offentleg tilgjengelege abortstatistikk på grunnlag av aidentifiserte data frå Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret). Publisert med endelege tal 11. mars 2021.

### Namn på statistikken

Rapport om svangerskapsavbrot for 2020.

### Dataskildring

Statistikk over svangerskapsavbrot i 2020 er basert på aidentifiserte opplysningar frå meldingar om begjæring om og utførte svangerskapsavbrot frå alle helseinstitusjonar (sjukehus) som utførte svangerskapsavbrot i Noreg i 2020. Det er meldeplikt for desse opplysningane til Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret) etter abortregisterforskrifta § 1-7 punkt 1 til og med 6.

I 2020 fekk registeret inn 12 150 meldingar om begjæring om svangerskapsavbrot. Abortregisteret har frå og med 2013 årgangen nådd målet om 100 % elektronisk innmelding frå sjukehusa.

### Populasjon

Kvinner som har begjært/fått utført svangerskapsavbrot i Noreg i 2020. Talet på kvinner i dei respektive aldersgruppene er henta frå Statistisk sentralbyrå.

### Eining

Talet på tilfelle per 1 000 kvinner i alderen 15-49 år og tilfelle per 1 000 kvinner i spesifisert aldersgruppe.

### Formål

Samfunnet skal kunne få innsyn i omfanget av begjæringar om og utførte svangerskapsavbrot, og kunne følge med på utviklinga på området. Myndigheitene og helsetenesta skal få eit statistisk grunnlag for å setje i verk og evaluere målretta tiltak for å førebygge uynskte svangerskap.

### Brukarar

Sentrale og lokale myndigheiter, helsetenesta, politikarar, forskarar/studentar, massemedia og publikum generelt.

## Viktige omgrep

Sjølvbestemte svangerskapsavbrot vert forstått som svangerskapsavbrot utførte som følge av at kvinna har begjært avbrotet innan utgangen av 12. svangerskapsveke.

Nemndbehandla svangerskapsavbrot er svangerskapsavbrot utførte seinare enn innan utgangen av 12. svangerskapsveke, og der kvinna si begjæring er innvilga etter handsaming i abortnemnd (primærnemnd eller klagenemnd).

Svangerskapsveke 12 er definert som veke 11 +1 til 6 dagar.

Meldepliktige helseinstitusjonar er dei institusjonane (sjukehusa) og eventuelle avtalespesialistar som utfører svangerskapsavbrot.

## Datakjelde

Opplysningar frå elektroniske- og papirmeldingar om handsaming av begjæring om og utførte svangerskapsavbrot frå meldepliktige helseinstitusjonar i Noreg.

## Lovgrunnlag

Innsamling, lagring, handsaming og utlevering av opplysningar i Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret) er regulert i abortregisterforskrifta med heimel i helseregisterlova § 8 andre, fjerde og femte ledd, § 9 andre ledd, § 10, § 16 fjerde ledd, § 17 tredje ledd og § 34 fjerde ledd.

## Innsamling

Elektroniskemeldingar om handsaming av begjæring om og utførte svangerskapsavbrot frå meldepliktige helseinstitusjonar i Noreg.

## Datakvalitet

Innmeldte data vert sjekka for å unngå manglande saksnummer og dobbeltregistreringar av meldingar, unngå manglande opplysningar og unngå manglande samsvar mellom meldte opplysningar.

## Inndelingar

Tidsperiode: Kalenderår

Geografi: Bustadsfylke og meldepliktige helseinstitusjonar

Alder: 5-års grupper: 15-19, 20-24, 25-29, 30-34, 35-39, 40-44 og 45-49 år. I aldersgruppa 15-19 år, inngår òg tal for aldersgruppa under 15 år, og i aldersgruppa 45-49 år inngår òg tal for aldersgruppa over 49 år. Desse tala er så små at dei ikkje påverkar ratane i noko betydeleg grad.

Anna: Svangerskapslengda i veker inndelt i grupper, lovgrunnlag (indikasjon i abortlova § 2 tredje ledd bokstav a, b, c, d, e og kombinasjonar).

## **Samanlikningsgrunnlag over tid og stad**

Sidan 2006 har Folkehelseinstituttet ved Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret) mottatt meldingane om begjæring om og utføring av svangerskapsavbrot frå meldepliktige helseinstitusjonar (alle helseinstitusjonar som utfører svangerskapsavbrot), handsama opplysningane og sett fram statistikk over svangerskapsavbrot. I perioden 1979-2005 vart dette arbeidet utført ved Statistisk sentralbyrå.

## **Oppdateringsfrekvens**

Årleg

## **Publiseringsstad**

På nettstaden til Folkehelseinstituttet, [www.fhi.no](http://www.fhi.no)

## **Publikasjonar**

Rapport 2005 om nemndbehandlete svangerskapsavbrot

[Statistikk 2006](#)

Rapport om svangerskapsavbrudd 2007

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2008](#)

Rapport om svangerskapsavbrudd 2009

Rapport om svangerskapsavbrudd 2010

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2011](#)

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2012](#)

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2013](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2014](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2015](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2016](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2017](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2018](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2019](#)



Utgitt av Folkehelseinstituttet

Mars 2021

Postboks 4404 Nydalen

NO-0403 Oslo

Telefon: 21 07 70 00

Rapporten kan lastes ned gratis fra

Folkehelseinstituttets nettsider

[www.fhi.no](http://www.fhi.no)